

VEDLEGG: UTREDNINGER OG SAKSPROCESS – BYBANEN I BERGEN

Konsekvensutgreiinga: <http://bergensprogrammet.no/bybanen/utredning-og-dok>

Innspel frå RA og Bergen sjøfartsmuseum:

http://bergensprogrammet.no/bybane_pdf/Riksantikvaren%20og%20Bergen%20Si%F8farts%20museum.pdf

HFK si samla fråsegn til KU:

Saksframlegg:

http://bergensprogrammet.no/bybane_pdf/Hordaland%20fylkeskommune%20vedlegg%202.pdf

Vedtak i Fylkesutvalet:

http://bergensprogrammet.no/bybane_pdf/Hordaland%20fylkeskommune.pdf

Tilleggsutgreiingar: <http://bergensprogrammet.no/bybanen/tilleggsutredninger>

Nokre sentrale dok:

Barriereverknad: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/010_Tilleggsnotat_01_Barriereeffekt_Bryggen_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/010_Tilleggsnotat_01_Barriereeffekt_Bryggen_2013-10-07.pdf

Batteridrift: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/020_Tilleggsnotat_02_Batteridrift_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/020_Tilleggsnotat_02_Batteridrift_2013-10-07.pdf

Finnegården: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/030_Tilleggsnotat_03_Linjeføring_Finnegården_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/030_Tilleggsnotat_03_Linjeføring_Finnegården_2013-10-07.pdf

Verdsarv: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/040_Tilleggsnotat_04_Prosegyrer-UNESCO_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/040_Tilleggsnotat_04_Prosegyrer-UNESCO_2013-10-07.pdf

Ny nedramping til tunnel: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/050_Tilleggsnotat_05_Nedramping_2Aa_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/050_Tilleggsnotat_05_Nedramping_2Aa_2013-10-07.pdf

Hydrogeologi: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/060_Tilleggsnotat_06_Hydrogeologi_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/060_Tilleggsnotat_06_Hydrogeologi_2013-10-07.pdf

«Mellomalderarkeologi»: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/070_Tilleggsnotat_07_Fundamentering_Sandbrogaten_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/070_Tilleggsnotat_07_Fundamentering_Sandbrogaten_2013-10-07.pdf

Ny «biltunnel»: http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/090_Tilleggsnotat_09_Bymiljøtunnelen_2013-10-07.pdf

http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/090_Tilleggsnotat_09_Bymiljøtunnelen_2013-10-07.pdf

Innspel frå RA, tilleggsutgreiingar: <http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/Riksantikvaren.pdf>

<http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/Riksantikvaren.pdf>

HFK si samla fråsegn med vurdering av tilleggsgreiningar:

Saksframlegg: <http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/Hordaland-fylkeskommune.pdf>

Vedtak i Fylkesutvalet: <http://bergensprogrammet.no/wp-content/uploads/2013/09/Hordaland-fylkeskommune-oversendelsesbrev.pdf>

OM PROSESSEN - BYBANEN TIL ÅSANE

Innleiing

Planarbeidet for Bybanen til Åsane er forankra i Bergensprogrammet, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Om saka

Før saka kan handsamast som ein reguleringsplan (kommunedelplan) etter ordinær planprosess må det veljast trasé. Det er som Fase 1 lagt ut ei konsekvensutgreiing med 3 alternativ som er like detaljert skildra og konsekvensutgreia som ein reguleringsplan. I røynda vert såleis dei viktigaste avgjerdene om konsekvensane av planforslaget teke før Fase 2 - planforslaget - skal leggjast fram.

Høyring

Det vart lagt fram konsekvensutgreiing for Bybanen til Åsane i perioden 10.3.13 – 26.4.13. Hordaland Fylkeskommune og Statens Vegvesen ba om tilleggsgreiningar før endeleg fråsegn kunne gjevast. Som kulturminnemynde ba Hordaland Fylkeskommune om følgjande tilleggsgreiningar:

- a. Konsekvensane av tiltaket med omsyn til kulturminne og kulturmiljø knytt til mogleg barriereverknaden ved Bybanen over Bryggen. Utgreiinga skal også vurdere verknaden for den overordna bystrukturen med allmenningar, med vekt på kulturmiljøet rundt Vågen og verdskulturminnet Bryggen, og bruken av Bryggen som offentleg tilgjengeleg byarena, historisk ferdselsåre og hamn. ICOMOS-malen for Heritage Impact Assessment (<http://whc.unesco.org/uploads/events/documents/event-992-5.pdf>) skal brukast i tillegg til Stans Vegvegvesen Handbok 140, og konsekvensane av tiltaket vurderast også opp mot forvaltningsregimet for verdsarvstaden Bryggen slik dette er nedfelt i reguleringsplan Vågen, Kaiene og Bryggen.
- b. Utgreiing av batteridrift som avbøtande tiltak for å unngå bruk av køyreleidningar og master over Bryggen.
- c. Utgreiing av trasé 2Aa, med nedkøyringsrampe flytta frå Kaigaten til sør for Statens hus/ Nonnen.
- d. Kartlegging av hydrogeologiske tilhøve og vurdering av risiko for endringar av grunnvasstanden i Sandbrogaten og Vågsbunnen.
- e. Kartlegging og utgreiing av konsekvensane tiltaket i Sandbrogaten kan ha for kulturlaga og kulturminna i Sandbrogaten. Det same gjeld for løysing med vending av Bybanen ved Torget og ved Sandbrogaten.
- f. Kartlegging av konsekvensane for automatisk freda kulturlag og for kulturminne i sentrum av nasjonal verdi grunna eventuell omlegging av kommunal infrastruktur, røyr og kulverter under bakken.

Bergen Bystyre vedtok tilleggsutgreiingsprogrammet 20.06.13, tilleggsutgreiingane vart godkjende, og Hordaland Fylkeskommune gav samla fråsegn 4.11.13. Tilleggsutgreiing 2 synta at der er mogleg med batteridrift over Bryggen, men at dette vil auke driftskostnaden for banen. Tilleggsutgreiing 4 om UNESCO konkluderte med at det er risiko for at ein bybane over Bryggen kan vere eit trugsmål i høve verdsarven på Bryggen.

Framdrift og avgjerdsmynde

Det er Bergen Bystyre som skal avgjere trasévalet, etter innstilling frå Byrådet. Målet var opphavleg å ta avgjerd i saka før jul 2013. Lokalpartia til Bergen Høgre og Bergen Arbeiderparti har på grunnlag av KU vedteke å gå inn for eit alternativ som ikkje går over Bryggen. Det er dermed fleirtal mot at Bybana skal gå over Bryggen, i tillegg til at staden framføre Bryggen skal bli bilfri. Etter dette har Byråden for byutvikling, klima og miljø utsett å leggje fram saka. For å gje «svar på spørsmål som partigruppene stiller» har Byråden bede administrasjonen sette i gong nye tilleggsutgreingar som skal utdjupe dei ulike alternativa og kvalitetssikre kostander. Det er venta at desse vert levert til påske 2014, men vidare framdrift og prosess er uklar. Byrådet har ikkje satt av noko dato for når saka skal sendast til politisk handsaming. Det har tidlegare vore ein målsetnad at reguleringsplanen skal vedtakast i løpet av 2014, slik at ein kan få ein kontinuerlig utbygging etter at Bybanen er bygget til Flesland (truleg i løpet av 2016).